



Pressemelding 22. oktober 2020

## **Skuleklasse i karantene på Sæbø**

**Ein klasse er sett i karantene etter at ein lærar på Sæbø skule har fått korona.**

Kommunalsjef for oppvekst i Alver kommune, Kristin Moe, fekk melding om koronatilfellet seint onsdag kveld, 21. oktober.

– Vi har gode rutinar for kva vi skal gjere når dette skjer. Rektor tok direkte kontakt med alle som har vore tett på læraren med ein gong. Vi har både ringt foreldre til elevar i den aktuelle klassen og kollegaer frå same gruppe. Alle har fått beskjed om å halde seg heime og gå i karantene, fortel Moe.

Koronasenteret til Alver kommune er i gang med å kartleggje andre nærkontaktar for å prøve å finne ut kor smitten kjem ifrå. Smittevegen er førebels ukjent.

Koronasenteret vil også ta direkte kontakt med nærkontaktane og avtale tid for testing.

– Foreldre og søsken til elevane som er i karantene, treng ikkje halde seg heime. Dei kan gå på skule og arbeid som normalt, så lenge dei kjenner seg friske, fortel Moe.

Kontaktpersonar i Alver kommune:

- Kristin Moe, kommunalsjef for oppvekst  
Mobil: 988 57 205